



NVE

Bakgrunn for vedtak

Døsjagrovi kraftverk

Luster kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver	Luster Småkraft AS
Referanse	202115667-31
Dato	13.05.2025
Ansvarlig	Carsten Stig Jensen
Saksbehandler	Ylva Bencze Rørå

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



SAMANDRAG

NVE gir løyve til bygging av Døsjagrovi kraftverk

Luster Småkraft AS har søkt om å byggje Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune, Vestland. Kraftverket vil nytte fallet i Døsjagrovi mellom eksisterande inntak på kote 740 og kraftverket på kote 97. Vatnet vil bli ført tilbake til Døsjagrovi på kote 8. Kraftverket vil produsere 16,8 GWh årleg, som svarer til straumbruken til om lag 840 husstandar.

Kva meiner høyringspartane om tiltaket?

NVE har fått inn seks høyringsfråsegn. Ingen av partane er negative til tiltaket. Vestland fylkeskommune legg vekt på at utbygginga må ta omsyn til kulturminneverdiane i området, særleg knytt til legging av røyrgate. Statsforvaltaren i Vestland vurderer at kraftverket kan byggjast med akseptable verknader for naturmiljø og friluftsiinteresser, så fram det blir sett krav om avbøtande tiltak. Dei tilrår at minstevassføringa i sommarperioden blir heva noko. Statnett opplyser at dei har reservert kapasitet til kraftverket. Privatpersonar er opptekne av at deira rettar knytt til drikkevatt, eigedom og hogst blir ivaretekne. Ein privatperson er også bekymra for at tiltaket vil auke faren for skred, og Statsforvaltaren legg til grunn at tekniske installasjonar må bli plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum.

Kvifor gir NVE løyve?

Utbygginga vil medføre landskapsinngrep, særleg knytt til røyrgatetraséen som slyngjer seg nedover lisida. Inngrepet vil vere godt synleg frå andre sida av fjorden i anleggsperioden og fram til området er revegetert. Den nye røyrgatetraséen vil også føre til at det meste av den oppmura røyrgatetraséen må fjernast. Delar av tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire, og NVE meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at tiltaket verken kan bli utsett for eller utløyse skredhendingar.

Etter NVE sitt syn kan dei negative konsekvensane av tiltaket reduserast tilstrekkeleg gjennom avbøtande tiltak. Vi stiller krav om at skredfare i anleggs- og driftsfasen skal utgreiast før Luster Småkraft AS sender inn detaljplan. Dei skal bevare delar av den oppmura røyrgatetraséen av omsyn til kulturminne, og sleppe minstevassføring av omsyn til naturmangfald og landskapsoppleving. Med desse vilkåra meiner NVE at fordelane ved å byggje Døsjagrovi kraftverk er større enn ulempene.



Innhald

Søknad	3
Høyring	7
NVE si vurdering	8
Oppsummering	18
NVE si konklusjon	19
Forholdet til andre lovverk	19
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	20
Andre forhold	23

Alle saksdokument vi refererer til er angitt med (saksnr.-dok.nr.). Dokumenta er tilgjengelege via innsynsløysninga elnnsyn og via nettsida til saka: www.nve.no/8741/V.



Søknad

Luster Småkraft AS sendte inn ein søknad den 02.12.2022. Dei søkjar om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggje Døsjagrovi kraftverk med installert effekt på inntil 5,7 MW. Dei søkjar ikkje om eigen anleggskonsesjon. Det elektriske anlegget er planlagt bygd innanfor konsesjonen til områdekonsesjonær.

Hovuddata for Døsjagrovi kraftverk

TILSIG		Hovudalternativ	Alternativ utløp i Frudamsgrovi
Nedbørfelt	km ²	10,1	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	17,7	
Spesifikk avrenning	l/(s · km ²)	55,3	
Middelvassføring	l/s	559	
Alminneleg lågvassføring	l/s	25	
5-persentil sommar (1.5 – 30.9)	l/s	200	
5-persentil vinter (1.10 – 30.4)	l/s	40	
Restvassføring	l/s	20	

KRAFTVERK

Inntak	moh.	740,5	
Inntaksmagasin, volum	m ³	350	
Avløp	moh.	8	0
Lengd på råka elvestrekning	m el. km	2,1	2,2
Brutto fallhøgd	m	644	
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	1,43	
Slukeevne, maks	l/s	1100	
Minste driftsvassføring	l/s	40	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	150	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	40	
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600	
Tilløpsrøyr, lengd	m	1990	
Installert effekt, maks	MW	5,7	
Brukstid	timar	2950	

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1.10 – 30.4)	GWh	5,7	
Produksjon, sommar (1.5 – 30.9)	GWh	11,1	



Produksjon, årleg middel	GWh	16,8	
--------------------------	-----	------	--

ØKONOMI

Utbyggingskostnad (2021)	mill.kr	66,8	
Utbyggingspris (2021)	kr/kWh	3,98	

Elektriske anlegg

GENERATOR

Hovudalternativ

Yting	MVA	6,3
Spenning	kV	6

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	6,5
Omsetning	kV/kV	6/22

NETTILKNYTING (kabler)

Lengd	m	115
Nominell spenning	kV	22
Tilknytingsløsning		Jordkabel

Om søkjar

Luster Småkraft AS er eigd av Luster Energiverk AS og Småkraft AS. Selskapet er oppretta for å samarbeide om å utvikle småkraftverk i Luster kommune. Luster Energiverk AS disponerer fallrettane i nedre del av Døsjagrovi, medan Småkraft AS eig fallrettane i øvre del av vassdraget. Opplysningsvesenets fond eig fallrettane i eit område i nedre del av vassdraget. Fordelinga av fallrettane er følgjande:

- Luster Energiverk AS – 42,3 %
- Småkraft AS – 47,7 %
- Opplysningsvesenets fond – 10 %



Skildring av området

Kraftverket er planlagt utbygd like sør for tettstaden Luster i Luster kommune, Vestland fylke. Elva Døsjagrovi spring ut frå Hellesvatnet på kote 1115 og renn om lag 7 km i søraustleg retning ut i Lustrafjorden. Elva renn vidare bratt gjennom ei skogkledd li der lauvskog dominerer med innslag av barskog. Ved fjorden passerer elva spreidd busetnad og jordbruksareal.

Døsjagrovi har vore nytta til kraftproduksjon i over hundre år. Hellesvatnet er regulert, med HRV på kote 1115, og det er etablert inntak i Døsjagrovi på kote 740, kote 450 og kote 105. Det har vore tre minikraftverk i elva, og Harastølen I og II blei tatt ut av drift i 2020. Gamle Døsen kraftverk blei tatt ut av drift på syttitalet, og hadde inntak nedanfor Harastølen Sanatorium. I dag er det eit kraftverk i elva, Døsen minikraftverk, som nyttar inntaket på kote 105 og har utløp i Døsjagrovi ved ca. kote 5. NVE gav løyve til eit liknande prosjekt i 2014, og vedtaket vårt blei stadfesta av Energidepartementet i 2015. Løyvet fall bort i 2020.


Teknisk plan

Luster Småkraft AS planlegg å bruke den eksisterande inntaksdammen på kote 740. Dei skal forsterke og tette dammen, men det er ikkje planlagt gjere han særleg mykje lengre enn han er i dag. Vassvegen er planlagt som nedgravne røyr, og skal følgje dei eksisterande røyrgetetraséane knytt til kraftverka Harastølen I og II på nordsida av Døsjagrovi. Der dei gamle røyra kjem i konflikt med røyrlegginga, blir desse fjerna. Rundt kote 422 skal vassvegen krysse elva, og i stor grad følgje røyrgetetraséen til gamle Døsen kraftverk. Ryddebeltet kan bli om lag 30 m breitt, då det stadvis er bratte parti. Røyrgeta vil krysse elva Frudamsgrovi ved om lag kote 140.

Kraftstasjonen er planlagt i enden av ein traktorveg ved kote 97, om lag 400 m sør for Døsjagrovi. Terrenget har ei svak helling, og det er mest sannsynleg lausmassar i grunnen. Det er planlagt å fyller inntil på vestsida av stasjonsbygget og delvis fyller inntil på sidene av bygget. Parkering og snuplass er hovudsakeleg planlagt på austsida av bygget med ein oppgrusa plass på om lag 100 m². Avløpsvatnet er planlagt ført tilbake til Døsjagrovi ved kote 8. Lengda på røyrret blir om lag 330 m. Før utløpet i elva er det planlagt å lage ein kum for trykkavlastning. I forkant av kummen blir det installert eit t-røyr for å leggje til rette for eventuelt uttak av vatn til Døsen kraftverk. Luster Småkraft AS har også foreslått å føre vatnet ut ved Frudamsgrovi. Med det alternativet blir avløpsrøyrret om lag 180 m langt.

Luster Småkraft AS vil nytte eksisterande kommunale og private vegar for transport til inntaket og ved legging av røyr. Dette inkluderer nokre traktorvegar, og for desse er det behov for rydding av noko kantvegetasjon. Den eksisterande traktorvegen inn til kraftstasjonstomta skal rustast opp. Luster Småkraft AS planlegg å lage mellombelse anleggsvegar inn frå eksisterande veg der det er naudsynt. Disse vegane vil bli revegerterte om ikkje grunneigar ønsker å behalde dei.

Figur 1 viser eit detaljert kart over planlagt utbygging.



Figur 1. Detaljert kart over utbygginga av Døsjagrovi kraftverk. Referanse: søknad

Arealbruk

Tiltaket vil innebere både mellombels og permanent arealbeslag. Dei mellombelse anlegga, riggområda og anleggsvegane vil bli tilbakeførte når arbeidet er ferdig. Tala i tabellen tek ikkje omsyn til eksisterande inngrep i tiltaksområdet, som inkluderer inntak og eksisterande rørgatetrasé. Luster Småkraft AS har ikkje planlagt verken massetak eller deponi. Eventuell overskotsmasse blir plassert i naturlege søkk langs rørgatetraséen.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Merknadar
Inntaksområde	5,0	2,0	Allereie utbygd
Rørgate	40	8,0	Skog, 20/4 m breidde
Riggområde og sedimenteringsbasseng	7,0	0	Skog
Vegar	-	0,6	Skog, vegtrasé langs røyr inngår i «rørgate»
Kraftstasjonsområde	1,5	0,8	Skog
Avløpsrøyr	6,6	1,3	Skog/innmark, 20/4 m breidde
Nettilknytting	1,0	0,5	Skog, 8/4 m breidde
Sum	61,1	13,2	



Forholdet til offentlege planar

Prosjektområdet er i kommuneplanen sin arealdel (2019-2030) definert som LNF-område. I Luster kommune sin kommunedelplan for små kraftverk, vedtatt den 25.01.07, inngår Døsjagrovi i delområde Høyheimsvik. Området er vurdert til å ha middels konfliktnivå. For kraftverkutbygging i slike område skal det takast omsyn til allmenne interesser og planleggast avbøtande tiltak. I delområde er det særleg dei mange kulturminna og turisme (med nasjonal turistveg og fjordturisme) som kan gje grunnlag for konflikt. Døsjagrovi er ikkje særskilt nemnt i regional plan for fornybar energi 2023-2035.

Høyring

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt til lokale styresmakter, interesseorganisasjonar, og råka partar for uttale. NVE var på synfaring i området 01.06.2023 saman med representantar for søkjaren og to høyringspartar.

NVE har fått inn seks høyringsfråsegn. Ingen av partane er negative til tiltaket. Vestland fylkeskommune legg vekt på at utbygginga må ta omsyn til kulturminneverdiane i området, særleg knytt til legging av røyrgate. Statsforvalteren i Vestland vurderer at kraftverket kan byggjast med akseptable verknader for naturmiljø og friluftsiinteresser, så fram det blir sett krav om avbøtande tiltak. Dei tilrår at minstevassføringa i sommarperioden blir heva noko. Statnett opplyser at dei har reservert kapasitet til kraftverket. Privatpersonar er opptekne av at deira rettar knytt til drikkevatt, eigedom og hogst blir ivareteke. Ein privatperson er også bekymra for at tiltaket vil auke faren for skred, og Statsforvalteren legg til grunn at tekniske installasjonar må bli plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum.

NVE bad om ei tilleggsutgreiing av biologisk mangfald. Kartlegginga blei gjennomført i august 2023 (202115667-27), og rapporten blei sendt på høyring til Statsforvalteren i Vestland. Luster Småkraft AS har kommentert høyringsfråsegnene (202115667-21 og 30).

Under NVE sine vurderingar har vi gitt att dei delane av fråsegnene som er relevante i vår vurdering av om tiltaket skal få løyve. Høyringsfråsegnene og søkjar sine kommentarar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller nettsida til saka: www.nve.no/8741/V. Tabellen under viser kven som har sendt inn fråsegn, og dokumentnummeret i saka (202115667).

Tabell 1. Oversikt over høyringspartar og dokumentnummer i saka

Høyringspart	Dokumentnummer
Vestland fylkeskommune	19
Statsforvalteren i Vestland	10, 29
Statnett	14
Håkon Fuhr	11
Hans H. Urdahl og Liv Ellingseth	13
Torkjel og Silje Bruland Lavoll, på vegne av Åse Berit Bruland	12



NVE si vurdering

I dette kapittelet gjev vi att høyringspartanes og søkjars kommentarar knytt til tiltaket si påverknad på ulike allmenne interesser, saman med NVE sine vurderingar.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket utnyttar eit nedbørfelt på 10,1 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 559 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 2,3 %. Vassdraget har dominerande haust- og vårflaumar, medan lågaste vassføring gjerne opptre om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 200 og 40 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 25 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 1,1 m³/s og minste driftsvassføring 40 l/s. Luster Småkraft AS foreslår å sleppe ei minstevassføring på 150 l/s i perioden 01.05. til 30.09. og 40 l/s resten av året. Ifølgje søknaden vil dette medføre at 59 % av tilgjengeleg vassmengd blir nytta til kraftproduksjon.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarande 200 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring, vil dette gi ei restvassføring på omtrent 229 l/s rett nedstrøms inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil komme i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. Ifølgje søknaden vil det vere overløp over dammen 65 dagar i eit middels vått år. I 106 dagar vil vassføringa vere under summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og derfor for liten til at det kan produserast kraft. Kraftstasjonen må da stoppe og heile tilsiget blir sleppt forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 20 l/s ved kraftstasjonen.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje funne vesentlege avvik i forhold til søkjaren sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei uvisse på +/- 20 % og at uvisse aukar for små nedbørfelt.

Prissette verknader

Med bakgrunn i dei hydrologiske data som er lagde fram i søknaden, har søkjar berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Døsjagrovi kraftverk til omtrent 16,8 GWh/år fordelt på 5,7 GWh vinterproduksjon og 11,1 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadene er estimerte til 66,8 mill. kr., som gir ein utbyggingspris på 3,98 kr/kWh (prisnivå 2021). Etter våre berekningar er dei på 87,4 mill. kr. med ein utbyggingspris på 5,2 kr/kWh med prisnivå 2023. NVE har kontrollert dei framlagde berekningane over produksjon og kostnader, og vi har ikkje funne vesentlege avvik i forhold til søkjaren sine berekningar.

NVE har berekna netto noverdi og nyttekostnadsbrøk for prosjektet (Tabell 2). I basisscenario har vi berekna netto noverdi til 22 mill. kr. Noverdiberekninga er basert på oppgitte utbyggingskostnader frå søkjaren, typiske driftskostnader (5 øre/kWh), forventa middelproduksjon og eit utfallsrom for kraftprisen slik han er modellert i NVE sin langsiktige kraftmarknadsanalyse frå 2023 for prisområde NO5. Økonomisk levetid er sett til 40 år og kalkulasjonsrenta til seks prosent. Nytttekostnadsbrøken er netto noverdi delt på investeringskostnader og driftskostnader over levetida. Brøken kan brukast til å samanlikne noverdien til prosjekt av ulik storleik.



Tabell 2. Prissett avgjerdsgrunnlag for Døsjagrovi kraftverk.

Prissett beslutningsgrunnlag	lavkostnad	basis	høykostnad
Spesifikk utbyggingskostnad (kr/kWh)	4,16	5,20	6,24
LCOE (øre/kWh)	33	40	46


	Kostnadssensitiviteter			lavpris	Intektssensitiviteter
	lavkostnad	basis	høykostnad		
Nettonåverdi (mill. kr)	-13	-31	-48	basis	Intektssensitiviteter
Nyttekostnadsbrøk	-0,16	-0,31	-0,41		
Nettonåverdi (mill. kr)	39,2	22	4	høypris	Intektssensitiviteter
Nyttekostnadsbrøk	0,48	0,22	0,04		
Nettonåverdi (mill. kr)	98	81	64	høypris	Intektssensitiviteter
Nyttekostnadsbrøk	1,19	0,81	0,54		

Berekningane våre viser at kraftverket får positiv netto noverdi med søkjaren sitt kostnadsoverslag gitt basis prisbane. Dersom ein legg til grunn den låge prisbanen frå NVE sin kraftmarknadsanalyse for 2023, får tiltaket negativ netto noverdi i alle kostnadsscenario.

Ved ein eventuell konsesjon til prosjektet vil det likevel vere søkjaren sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsenda til prosjektet.

Naturfare

Heile tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområder for skred, som vist i Figur 2. Det er tidlegare gjennomført ei faresonekartlegging i nedste del av tiltaksområde, om lag opp til kote 240. Denne delen av tiltaksområdet ligg i sin heilskap innafor ei sone som er vurdert til å ha nominell årleg sannsyn for skred på 1/100. For kartlegginga er dimensjonerande skredtype lausmasseskred i samanheng med Døsjagrovi og elles steinskred. Planlagt kraftstasjon og avløpstrasé ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire. Heile tiltaksområde ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, medan øvre og nedre del av tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområder for jord- og flaumskred.



Figur 2. Aktsemdområder og faresoner i tiltaksområdet. Heile tiltaket ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred (raud, prikkete), inntaket og delar av røyrgata ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred (brun, prikkete). Nedste del av tiltaket ligg innanfor faresone for skred (raud, stripete), aktsemdsområde for jord- og flaumskred og for marin leire (lyseblå). Tiltaket er vist med lyseblå stripe. Referanse: NVE Temakart.

Høyringspartane er bekymra for ras. På nittitalet gjekk det ras bak huset til Åse Berit Bruland, som ligg rett nedanfor planlagt trasé for avløpsrøyret. På vegner av Åse Berit Bruland, skriv Torkjel og Silje Bruland Lavoll at heile sida heldt på å rase ut då dei grov ut for garasje, snuplass og veg på tomta hennar. Dei meiner at inngrepet sannsynlegvis blir mykje større enn søkjaren forventar. Statsforvaltaren legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

På vegner av Luster Småkraft AS har Bystøl har vurdert at nedre del av tiltaksområdet er lite utsett for skred. Luster Småkraft AS påpeiker at dei vil gjennomføre risikovurdering før oppstart og halde denne oppdatert gjennom prosjektperioden. Som førebyggjande tiltak vil dei grave ned røyrgata med minimum ein meter overdekning på heile strekninga. Dei meiner dette vil gi tilstrekkeleg beskyttelse mot skredfare. Dei meiner det bør gjerast ei lokal skredfarevurdering, ettersom stasjonen ligg innanfor faresona. Dei antar at det mest aktuelle tiltaket er å byggje ein rasvoll ovanfor stasjonen, om skredfarevurderinga viser at det er naudsynt. Der røyrgata kryssar elva, vil dei sikre røyret med steinplastring for å unngå erosjonsskade på røyr/grøft.

NVE meiner det er positivt at søkjar ynskjer å gjennomføre ei skredfarevurdering knytt til kraftstasjonen. Vi meiner det er behov for meir dokumentasjon for å sikre at tiltaket verken kan bli utsett for eller utløyse skredhendingar, både i anleggs- og driftsfasen. NVE viser til at delar av tiltaksområdet ligg under marin grense. Viss Luster Småkraft AS får løyve, må alle former for skred



vurderast og eventuelt undersøkast i samsvar med NVE sine krav for utgreiing av naturfare før dei eventuelt sender inn detaljplan.

Ved inntaket er det planlagt å støype eit flaumvern mot nord, som vil beskytte inntaket og lukehuset ved stor flaumvassføring i elva. Dei vil også plastra i dammen og like nedstraums dammen for å førebyggje mot utgraving og erosjon i området. Arbeidet vil gjennomførast då er minst vassføring i elva. Dette vil bidra til å minimere sedimenttransport og tilslamming. Etter NVE sitt syn vil ikkje tiltaket føre til auka fare knytt til flaum og erosjon. Vi er positive til dei førebyggjande tiltaka som Luster Småkraft AS har beskrive.

Bruland Lavoll er imot forslaget om å føre vatnet ut i Frudamsgrovi, og viser til at det både må gjennomførast støydempende tiltak og sikringstiltak for å sleppe ut vatnet i bekken. Etter NVE sitt syn er det fleire ulemper med å føre vatnet ut i Frudamsgrovi. Både høyringspartane og søkjaren foretrekkjer alternativet med å føre vatnet tilbake til Døsjagrovi. Viss NVE gir løyve kan vi stille vilkår om at avløpsvatnet blir ført til Døsjagrovi.

Naturmangfald

Kunnskapsgrunlaget

Influensområdet til Døsjagrovi kraftverk har blitt kartlagt tre gonger. Det blei kartlagt i samband med tidlegare konsesjonssøknad i 2004, av Rådgivende Biologer AS den 3. juni 2021 og av Biota Naturkompetanse AS den 30. august 2023 etter at NVE bad om ei ny kartlegging for å dekke område som ikkje var tilfredsstillande kartlagt. Statsforvaltaren vurderte at kartlegginga i 2021 blei gjennomført på eit godt tidspunkt for å fange opp karplantebloomstring. Dei noterte at det ikkje blei henta inn ny informasjon om hekkande fuglar. For kartlegginga i 2023 sakna Statsforvaltaren ei vurdering av om det var sett av tilstrekkeleg tid til å leite etter eventuelle raudlisteartar i området. Biota Naturkompetanse har seinare gitt ei beskriving av korleis dei leitte etter raudlisteartar og deira vurdering av potensialet for ytterlegare funn (202115667-30).

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapportar, høyringsfråsegner og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 8. november 2024. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere vedtak og for å vurdere omfanget av tiltaket og verknadene på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunlaget i saka er godt nok greidd ut, jamfør naturmangfaldslova § 8.

Naturtypar og arealbruk

Tiltaket vil påverke elvevassmassar (NT). Det er også registrert ein lokalitet med boreal hei i tiltaksområdet, som er raudlista med status sårbar (VU). Den er vurdert til å ha låg kvalitet av Biota Naturkompetanse, som gir stor verdi i samsvar med Miljødirektoratets handbok M-1941. Den boreale heia er påverka av blant anna eksisterande inntak, hytte og veg. Det eksisterande inntaket skal oppgraderast, og ny røyrgate skal leggest i eksisterande røyrgetetrasé. NVE meiner tiltaket ikkje vil forringe lokaliteten i særleg grad, og legg difor ikkje vekt på dette ved avgjerd av konsesjonsspørsmålet. Mellom Døsjagrovi og planlagt røyrgate er det registrert ein lokalitet med rik edellauvskog med verdi viktig (B-verdi). Naturtypen er nær trua (NT), og lokaliteten vil ikkje bli råka av tiltaket.



Statsforvaltaren legg til grunn at alle tiltak blir planlagde med minst mogleg nye inngrep i natur og dyrka mark, at det blir stilt krav om god terrengtilpassing for alle anlegg, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. Luster Småkraft AS skriv at dei vil stelle til røyrgata og mellombelse anleggsvegar langs røyrgatetraséen. Dei skriv også at dei legg vekt på terrengmessig tilpassing av konstruksjonane. NVE er samde om at tiltaket bør gi minst mogleg inngrep, og at naturleg revegetering skal gjennomførast så langt som råd.

Artar

Døsjagrovi renn svært bratt, og det er berre mogleg for fisk å vandra opp dei nedste 100 m. Her er elva forbygd og kanalisert, og strekninga er lite eigna som leve- og oppvekstområde. Det kan vera noko aure i elva, som slepp seg nedover vassdraget frå Hellesetvatnet. Noko av årsaka til at det er lite fisk på den aktuelle utbyggingsstrekninga har truleg samanheng med vanskelege levevilkår i kombinasjon mellom fysiske tilhøve i elva og lågvassføring. Etter NVE si vurdering vil ei eventuell utbygging medføre små konsekvensar for fisk.

Døsjagrovi har vore regulert i ein lengre periode, og Rådgivende Biologer AS fann noko meir tørketolerante artar ved elva. Viss Døsjagrovi kraftverk blir bygd ut, vil truleg fuktkrevjande lav- og moseartar bli utkonkurrerte av dei meir tørketolerante artane. Rådgivende Biologer AS vurderer foreslått minstevassføring som tilstrekkeleg, ettersom elva har vore regulert i lengre tid og det er få naturverdiar knytte til den. Dei vurderer potensialet for nye funn av raudlista eller verdifulle artar som lågt, ettersom berggrunnen er kalkfattig og det verken er elvekløfter eller fosseenger og -berg i Døsjagrovi. Etter NVE sitt syn vil innføring av minstevassføring vere tilstrekkeleg for å avbøte noko av konsekvensane frå tiltaket.

Statsforvaltaren har kommentert at det er mogleg at fuglar som fossefall, strandsnipe og vintererle hekkar eller driv næringsøk i eller ved elva. Desse artane er ikkje registrerte innanfor influensområdet, men dei er observerte andre stader ved Lustrafjorden. Dersom desse fugleartane hekkar eller driv næringsøk ved Døsjagrovi, vil redusert vassføring påverke artane negativt. Rådgivende Biologer AS vurderer at det er lite sannsynleg at det finst spesielt verdifulle funksjonsområde for eventuelle uregistrerte fuglearter, ettersom området har fattig vegetasjon og lite variasjon i habitat. NVE er samde i denne vurderinga. Ei minstevassføring kan bidra til å halda oppe noko av funksjonen til området for dei eventuelle fuglane i området.

Influensområdet er vurdert som eit viktig leveområde for hjort. Hjort kan bli forstyrra under anleggsperioden. Fuglane taksvale (NT) og tårnseiler (NT) har tidlegare blitt observerte ved Sanatoriumet og ved utløpet av Døsjagrovi, og gulspurv (VU) har blitt observert i nærleiken av taubanen. Hvitryggspett, som er ein Bern-konvensjonsart, er også registrert innanfor lokaliteten med edellauvskog. Rådgivende Biologer AS vurderer at fugleartane vil tape sine leveområde i anleggsperioden på grunn av støy og trafikk, og fram til områda er revegeterte. Fugleartane er likevel ikkje vurderte som særleg kjenslevare for forstyringar i hekkeperioden. NVE meiner konsekvensane i anleggsperioden for desse artane er akseptable.

Ved hovudalternativet for utløpstrasé til Døsjagrovi er det kartlagt ask (EN) og alm (EN). Artane vil ikkje bli råka av tiltaket. Biota Naturkompetanse registrerte unge individ av ask ved utløpstraséen som går ut i Frudamsgrovi. Viss dette alternativet for utløpstrasé blir valt, kan det medføre hogst av ask. NVE kan stille vilkår om at hovudalternativet for utløpstrasé blir utbygd viss vi gir løyve.

Ved hovudalternativet for utløpstrasé blei det også gjort funn av fleire framande artar, blant anna platanlønn, skogskjegg, parkslirekne, rødhull og mispel-artar som har svært høg risiko for spreiding. Sitkagran, også med svært høg risiko for spreiding, finst i store delar av tiltaksområdet. Viss NVE gir



løyve til bygging må Luster Småkraft AS sørge for at utbygginga ikkje medfører uheldige følgjer for biologisk mangfald. Vi syner til aktsemdsplikta i forskrift om fremmede organismer (FOR-2015-06-19-716).

Eventuelle kortare anleggsvegar fram til røyrgate er ikkje framstilte i søknaden/kart. Desse vil i tilfelle bli bygde ut frå eksisterande veg opp til Harastølen, og ut frå føreliggande invertering er det ikkje funne sjeldne eller trua artar/vegetasjonstypar.

Etter Statsforvaltaren sitt syn vil ikkje utbygginga få avgjerande konsekvensar for viktig naturmiljø, føresett vilkår om minstevassføring og moderne avbøtande tiltak. Dei ber NVE vurdere å heve minstevassføringa om sommaren til 5-persentilnivå. Dei føretrekkjer hovudalternativet med avløp direkte i elva, sidan det vil gi eit naturleg elveutløp i fjorden. Ved ei eventuell utbygging kan NVE setje vilkår om minstevassføring og val av utløpstrasé. På bakgrunn av at det er forventa små konsekvensar for naturmiljø og biologisk mangfald, meiner NVE at ei eventuell utbygging vil vere akseptabel i forhold til dette temaet, gitt nemnde avbøtande tiltak.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Alle styresmakter som forvaltar natur, eller som tek avgjerder som har verknader for naturen, pliktar etter naturmangfaldslova § 7 å vurdere planlagde tiltak opp mot dei relevante paragrafane i naturmangfaldslova. I NVE si vurdering av søknaden om Døsjagrovi kraftverk legg vi til grunn prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12 og dessutan forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

I influensområdet til Døsjagrovi kraftverk finst det edellauvskog av B-verdi (NT), boreal hei (VU), elvevassmassar (NT), ask (EN), alm (EN), taksvale (NT), tårnseiler (NT) og gulspurv (VU). Ei eventuell utbygging i Døsjagrovi vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gitt i naturmangfaldslova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldslova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå Døsjagrovi kraftverk i samanheng med andre påverknader på naturtypane, artane og økosystemet, jf. naturmangfaldslova § 10. Det er fleire eksisterande inngrep i influensområdet, blant anna kraftverk, taubane, vegar, hytter, plantefelt og gjengrodde hogstfelt. Utbygginga vil i nokon grad bidra til ei høgare belastning på miljøverdiane i ein region som allereie er sterkt prega av kraftutbyggingar. Etter vårt syn vil likevel ikkje den samla belastninga for verdiane i vassdraget eller regionen bli så høg at det er avgjerande for konsesjonsspørsmålet, gitt avbøtande tiltak og vilkår.

Etter NVE si vurdering ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om verknader tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldslova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje blir avgjerande for konsesjonsspørsmålet. Mildnande tiltak og utforminga av tiltaket vil spesifiserast nærare i merknadene våre til vilkår dersom det blir gitt konsesjon. Tiltakshavar vil då vere den som ber kostnadene av tiltaka, i tråd med naturmangfaldslova §§ 11-12.


Kulturmiljø

Vestland fylkeskommune meiner det er viktig at tiltaket bidreg til å vidareføre aktiviteten med kraftproduksjon utan å forringe historia som ligg der. Dei meiner det må takast spesielle omsyn til dei kulturminneverdiane som finst i landskapet. Dei ber om at den nye røyrgata ikkje blir lagt slik at ho kjem i konflikt med dei gamle røyrgatetraséane knytt til Harastølen og til gamle Døsen kraftverk.



I saksframlegget til fylkeskommunen skriv dei at dei meiner utgreiinga om kulturminne er mangelfull. Dei meiner tiltaket vil ha stor innverknad på eit samanhengande kulturmiljø knytt til Harastølen Sanatorium. Dei vurderer at heilskapen i kulturmiljøet knytt til Harastølen Sanatorium er av svært høg kulturminneverdi, og at koplinga mellom det gamle kraftverket og sanatoriet kan vurderast som unik. Dei meiner det gamle kraftverket, med inntaksdam, oppmura rørgatetrasé, kraftstasjon, trafokiosk og betongmaster, er kulturminne av høg verdi. Fylkeskommunen rår til at ein vel ein annan trasé for Døsjagrovi kraftverk.

Luster Småkraft AS stiller seg undrande til at den nye rørgata ikkje må komme i konflikt med dei gamle rørgatetraséane til kraftverka knytt til Harastølen. Dei viser til at det er ei rørgate i plast som ligg oppå terrenget. For Døsen kraftverk viser dei til at inntaket ved Harastølen og dei øvste om lag 250 meter av røyrtraseen ikkje blir råka av prosjektet. I lia skal den nye rørgata i stor grad følgje rørgata til gamle Døsen kraftverk. Dei skriv at rørgata ligg med ei god tilpassing til eksisterande terreng, og ein må flytte seg 10-15 m sidevegs for å unngå konflikt i samband med arbeidet. Dei skriv dei vil leggje vekt på å ta vare på eksisterande røyrtrasé der ein kan, og då vil dei prioritere den oppmura delen. Dei ser at det er mogleg å flytte rørgata i området frå pel 150 til pel 400 (ca. kote 150 til 275; sjå gul stipla linje i Figur 3 og Figur 4).



Figur 3. Utdrag frå detaljkart. Den gule linja illustrerer kvar Luster Småkraft AS ser moglegheiter for å forskyve den nye røyrtraséen for å bevare den eksisterande oppmura røyrtraséen knytt til gamle Døsen kraftverk (grå linje). Den blå linja viser traséen som er søkt om. Referanse: kommentarar til høyringsfråsegn (202115667-21).



Figur 4. Bilete som viser den oppmura røyrgatetraseen knytt til gamle Døsen kraftverk, ved om lag pel 300 (sjå figur over). Referanse: kommentarar til høyringsfråsegn (202115667-21).

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor tiltaksområdet. Etter NVE sitt syn er det hovudsakeleg røyrgata som kjem i konflikt med kulturminneverdiane. NVE meiner at den oppmura røyrgatetraseen bidreg til eit heilskapleg kulturmiljø knytt til Harastølen Sanatorium og kraftutbygginga i området. NVE er positive til søkjars forslag om å leggja om delar av røyrgatetraseen (Figur 3) for å bevare ein del av den oppmura røyrgatetraseen. Etter vårt syn er det ikkje naudsynt å oppretthalda heile den oppmura røyrgatetraseen for å ivareta heilskapen den bidreg til. NVE legg vekt på at terrenget i området er krevjande, og meiner det er viktig at røyrgatetraseen leggjast slik at ein får minst mogleg inngrep. NVE legg også vekt på at røyrgatetraseen er lite synleg frå turstigar og veg i dag. Viss kraftverket får løyve, vil vi også stille krav om at Luster Småkraft AS går i dialog med fylkeskommunen for å vurdere om røyrgata bør dokumenterast, og om det bør setjast opp et informasjonsskilt som plasserer Døsjagrovi kraftverk inn i lokalhistorien.

Friluftsliv og landskap

Inntaket ligg i nedste del av Røssesete, som er vurdert som eit viktig friluftsområde. Dette er eit utfartsområde som hovudsakeleg blir nytta av lokale. Delar av den planlagde røyrgata går gjennom utfartsområdet Harastølen der det finst fleire turstiar i varierende stand. Området er også besøkt grunna det gamle sanatoriet (Naturbase, ID FK00043906). Tiltaksområdet er synleg frå fjorden, og



Lustrafjorden er registrert som eit viktig friluftslivsområde. Frå mai til midten av september 2024 vart det 22 cruiseskip som kom inn til Skjolden.

Statsforvaltaren viste til si vurdering frå 2008 (NVE 200705134-23), for den førre søknaden om Døsjagrovi kraftverk. I fråsegna viste Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) til at dei nasjonale og regionale landskapsinteressene i området er knytt til fjordlandskap og nasjonal turistveg (Rv. 55 over Sognefjellet). Dei påpekte også at cruisesatsinga i Skjolden vil auke trafikken på Lustrafjorden. Elva er noko synleg frå fjorden og veggen, avhengig av vassføring og lauv på trea. Den er likevel ikkje av dei viktigaste vassdraga med omsyn til landskapsoppleving, og den er allereie utnytta til kraftproduksjon. Statsforvaltaren vurderte difor at landskapet ikkje blir påverka i så stor grad at utbygginga ikkje kan utførast. Dei la vekt på at det må leggjast til rette for raskast mogleg naturleg revegetering av anleggsområdet. Om friluftsliv viste Statsforvaltaren til Sogn og Fjordane turlag si fråsegn (NVE 200705134-15). For å redusere påverknaden på friluftsliv, ønskja dei at Hellesvatnet ikkje vert nedtappa om sommaren og større minstevassføring i Døsjagrovi om sommaren. Ut frå blant anna friluftssyn, ber Statsforvaltaren om at NVE vurderer å heve minstevassføringa om sommaren til 5-persentilnivå.

Fylkeskommunen skriv at landskapsbiletet vil bli endra som følgje av å miste store delar av vassføringa i elva, som er eit karakteristisk landskapselement. Vestland fylkeskommune kommenterer at Lustrafjorden i sin heilskap er eit viktig friluftsområde, og at tiltaket med både redusert vassføring og utbygging av røyrgate, vegar og stasjon vil vera godt synleg i lang tid frå fjorden og vegar på andre sida av fjorden. Ettersom røyrgata vil gå gjennom område som er viktige for lokale innbyggjarar, legg fylkeskommunen vekt på at nærfriluftsliv er svært viktig for folk si oppleving av eit godt bumiljø.

Luster Småkraft AS meiner at bruken av området til friluftsliv ikkje er knytt til elvestrekninga. Dei viser til at det i hovudsak er vegane i området som blir nytta til tur og trening, og at det ikkje er fiskeinteresser i elva.

Etter NVE sitt syn er ikkje Døsjagrovi eit viktig element i landskapsbiletet. Det går ikkje turstiar langs elva, og med unntak av den nedste delen er elva lite synleg i nærområdet. Elva er synleg frå Lustrafjorden og den andre sida av fjorden, spesielt i vinterhalvåret utan lauv på trea. Lustrafjorden er mest besøkt om sommaren, og i denne perioden vil det vera mykje overlaup over inntaksdammen og høgare vassføring i Døsjagrovi. NVE meiner foreslått minstevassføring er tilstrekkeleg av omsyn til friluftslivsinteresser.

NVE meiner konsekvensane av tiltaket vil vere størst i anleggsperioden og fram til området har blitt revegetert. Det bratte og delvis ulendte terrenget langs elva og oppover mot Harastølen vil medføre til dels omfattande landskapsinngrep med utsprenging og planering av fjell for å fundamentera røyrgata og gje tilkomst langs denne for anleggsmaskiner. I tillegg er det planlagt stikkvegar frå Harastølsvegen og inn til røyrgatetraséen, som også vil medføre utsprenging/fyllingar for å kome fram med anleggsmaskiner. Etter NVE si vurdering er det fleire tekniske utfordringar med røyrgata som følgje av terrengforholda. Frå Harastølen og oppover til inntaket på Røssesete er terrenget mindre bratt, og ei nedgraven røyrgate medfører mindre inngrep. NVE meiner det er positivt at tiltaket vil nytte eksisterande røyrgatetrasé og fjerne plastrøyra som i dag ligg oppå bakken.

Etter NVE sitt syn vil røyrgata, og inngrep knytt til infrastruktur for å legge denne, skape størst konflikt med landskapsinteressene ettersom ein vesentleg del av røyrgata blir liggande i skogbeltet og i ei eksponert lisode. Verknaden av landskapsinngrepet blir også til dels forsterka ved at



rørgatetraséen er planlagt i eit par slyngar ned etter lisida. Topografiske forhold medfører omfattande inngrep som følgje av omsøkt teknisk løysing. Det bratte terrenget gjer at det er lite ferdsel utanom vegen og eksisterande stiar. Det er meir friluftsbuk ved inntaket, men her vil det også vere mindre synlege inngrep. Revegetering vil med tid gjere inngrepet knytt til rørgata og ryddebeltet noko mindre synleg. NVE meiner at tiltaket sine konsekvensar for landskap og friluftsliv er akseptable gitt avbøtande tiltak og vilkår.

Vassforskrifta

Fylkeskommunen meiner konsekvensutgreiinga er mangelfull knytt til vannmiljø. NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere om vassforskrifta § 12 skal brukast.

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Den omsøkte utbygginga vil berøra vassførekomstane Døsjagrovi inntak Harastølen I - utløp Harastølen I (075-146-R), Døsjagrovi utløp Harastølen kraftverk - inntak Døsen kraftverk (075-144-R) og Døsjagrovi nedstrøms inntak Døsen kraftverk (075-142-R). Alle vassførekomstane er naturlege, og miljømålet god økologisk tilstand (GØT) er nådd.

Det planlagde inngrepet er ikkje forventa å endre dagens tilstand vesentleg eller hindre at miljømålet blir nådd i dei råka vassførekomstane. Heilårleg, sesongtilpassa minstevassføring vil sikre eit fungerande akvatisk økosystem. Vassforskrifta § 12 kjem derfor ikkje til anvending i denne saka.

Vassforsyning

Åse Berit Bruland og andre bustadar har eige trykkvatn med inntak i området der avløpsrøyret blir lagt. Dei ber om at det blir laga ei god mellombels løysning under anleggsarbeidet og ei god permanent løysning for trykkvatnet. Det må også leggjast til rette for at ein kan gjennomføre inspeksjon og service på vassleidningane. I sine kommentarar til fråsegna bekreftar Luster Småkraft AS at dette vil bli gjennomført.

Hans H. Urdahl og Liv Ellingseth viser til at gardane på Saude har vassrettar i øvre delar av Døsjagrovi. Dei har løyve til å ta ut vatn frå Krekaflaten (kote 650). Dei er bekymra for at det ikkje vil bli igjen nok vatn ved Krekaflaten med planlagt minstevassføring. Dei ønskjer å få leggja ein 75 mm plastslange ved inntaket på Røssesete, og at uttaket av vatn kjem i tillegg til minstevassføringa. I sine kommentarar til fråsegna bekreftar Luster Småkraft AS at uttaket for vatn kan flyttast til inntaksdammen.

NVE viser til søkjars kommentarar, og legg til grunn at Luster Småkraft AS finn gode løysningar for å oppretthalde vassforsyning for råka parter i anleggs- og driftsfasane. Vi legg difor ikkje vekt på dette tema i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet. NVE vil merke at ein kvar tiltakshavar i vassdrag må gjere avbøtande tiltak eller rette opp skadar/ulempar forårsaka av vassdragstiltaket, jf. aktsemdplikta i vassressurslova § 5.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Døsjagrovi kraftverk vil gi 16,8 GWh i eit gjennomsnittså. Tiltaket har positiv netto noverdi gitt NVE sin kraftprisbane frå 2023, og vil dermed vere eit bidrag til utbygging av lønnsam, fornybar energi. Det planlagde tiltaket vil gi inntekter til søkjaren og grunneigarar, og generere skatteinntekter.



Oppsummering

Luster Småkraft AS har søkt om å byggje Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune, Vestland. Kraftverket vil nytte fallet i Døsjagrovi mellom eksisterande inntak på kote 740 og kraftverket på kote 97. Vatnet vil bli ført tilbake til Døsjagrovi på kote 8. Kraftverket vil produsere 16,8 GWh årleg, som svarer til straumbruken til om lag 840 husstandar. Utbygginga vil medføre landskapsinngrep, særleg knytt til røyrgatetraséen som slyngjer seg nedover lisida. Inngrepet vil vere godt synleg frå andre sida av fjorden i anleggsperioden og fram til området er revegetert. Den nye røyrgatetraséen vil også føre til at det meste av ei oppmura røyrgatetrasé må fjernast. Delar av tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire, og NVE meiner det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at tiltaket verken kan bli utsett for eller utløyse skredhendingar. Etter NVE sitt syn kan dei negative konsekvensane av tiltaket reduserast tilstrekkeleg gjennom avbøtande tiltak. Vi stiller krav om at skredfare i anleggs- og driftsfasen skal utgreiast før Luster Småkraft AS sender inn detaljplan. Dei skal bevare delar av den oppmura røyrgatetraséen av omsyn til kulturminne, og sleppe minstevassføring av omsyn til naturmangfald og landskapsoppleving.

Tabellen under viser NVE si samla vurdering av fordelar og ulemper for Døsjagrovi kraftverk.

Oppsummeringstabell for Døsjagrovi kraftverk

Tema	NVE sin vektlegging	NVE sin vurdering	Avbøtande tiltak
Prissette verknader			
Kraftproduksjon	Stor vekt	Kraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på om lag 16,8 GWh, og 22 mill. kr. i netto noverdi.	
Ikkje-prissette verknader			
Naturfare	Stor vekt	Tiltaksområdet ligg innanfor aktsemds- og fareområde for skred. Forholdet til naturfare, særleg knytt til kvikkleire, er ikkje tilstrekkeleg opplyst. NVE meiner det er behov for meir kunnskap før kraftverket kan byggjast.	Skredfare i anleggs- og driftsfasen må vurderast og eventuelt undersøkast. Det skal dokumenterast at tiltaket kan byggjast med tilstrekkeleg sikkerheit mot skred.
Landskapsoppleving	Middels vekt	Røyrgatetraséen og det breie ryddebelte vil vere synleg i eit større landskapsrom. Lågare vassføring i elva kan redusere landskapsopplevinga, både lokalt og sett frå fjorden og andre sida av fjorden.	Revegetering av røyrgatetraséen, og eit smalast mogleg ryddebelte. Minstevassføring og overløp om sommaren.
Kulturmiljø	Middels vekt	Dei gamle røyrgatetraséane vil bli fjerne. NVE meiner delar av den	Bevare delar av den oppmura røyrgatetraséen.



		oppmura røyrgatetraséen bør bevarast for å ivareta heilskapen i kulturmiljøet.	
Naturmangfald	Liten vekt	Det kan vere fuglar som hekkar eller driv næringsøk i eller ved elva. Vassdragstilknytte artar vil i større grad bli utkonkurrert av meir tolketolererande artar. Ask (EN) kan bli hogd ved utløpstrasé til Frudamsgrovi.	Minstevassføring og utløp i Døsjagrovi.

NVE si konklusjon

Etter ei heilskapsvurdering av planane og dei føreliggjande fråsegna meiner NVE at fordelane ved det omsøkte om tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir Luster Småkraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Døsjagrovi kraftverk. Løyvet blir gitt på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til andre lovverk

Forholdet til energilova

Luster Småkraft AS har lagt fram planar om installasjon av eit elektrisk høgspentanlegg som inneber ei jordkabel på 115 meter med nominell spenning på 22 kV, som skal knytast til eksisterande leidningsnett. I tillegg skal det installerast ein generator med spenning på 6 kV og ein transformator for omsetning til 22 kV.

Breheim Nett AS er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Etter etablert praksis kan nødvendige høgspentanlegg byggjast i medhald av områdekonsesjonen til nettselskapet. Viss dette blir gjort, er det ikkje nødvendig med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytning til 22 kV-nettet. Dei elektriske komponentane som blir installerte inne i kraftverket krev ikkje konsesjon etter energilova (jamfør Odelstingproposisjon nr 43 1989-90, s 87). Bygging og drift av dei elektriske komponentane i kraftverket blir omfatta av FOR-2006-04-28-458 *Forskrift om tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg* og FOR-2005-12-20-1626 *Forskrift om elektriske forsyningsanlegg* og blir varetekne av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny nettilknytning og eventuell forsterkning for kommune, Statsforvalter, grunneigarar og andre råka for fråsegn. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje saka fram for NVE som då vil behandle saka som ein anleggskonsesjon.

Verknadene av nettilknytninga har inngått i NVE sin heilskapsvurdering av kraftverksplanane.

Statnett har uttalt at det er driftsmessig forsvarleg å tilknytte Døsjagrovi kraftverk etter dei har gjennomført oppgraderingar i overliggjande nett. Dette arbeidet er i gang. Breheim Nett AS vil setje krav om moglegheit for nedregulering. Nedreguleringa kan føre til 0,3 GWh lågare produksjon i



året. Breheim Nett har planar om å utbetre 22 kV-nettet, og då vil ein unngå kapasitetsbegrensninga. Når nettet utbetrast, må Luster Småkraft AS dekkje sin del av kostnaden. Dette kjem i tillegg til anleggsbidraget.

NVE har ikkje gjort ei eiga vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggjearbeid startar. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må liggje føre samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør post 4 i konsesjonsvilkåra.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggjesak (byggjesakforskrifta) gir saker som er underlagde konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje styresmakt til å gi vilkår etter forureiningslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1 Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVE si konsesjon og fastsetjing av minstevassføring:

Vassføringar

Middelvassføring	559 l/s
Alminneleg lågvassføring	25 l/s
5-persentil sommar	200 l/s
5-persentil vinter	40 l/s
Maksimal slukeevne	1,1 m ³ /s
Maksimal slukeevne i % av middelvassføring	200 %
Minste driftsvassføring	40 l/s

Luster Småkraft AS har foreslått minstevassføring på 150 l/s i sommarhalvåret og 40 l/s på vinteren. Dei legg vekt på at det ikkje er funne store naturverdiar knytt til den råka elvestrengen, og at elva har vore regulert over lang tid. Dei har berekna at å auke minstevassføringa på sommaren til 5-persentilen vil redusere planlagt produksjon med om lag 0,5 GWh. Dei meiner ei slik auke i minstevassføring vil ha ein svakt positiv visuell effekt i elva.

Statsforvaltaren viser til at søkjars forslag til minstevassføring til ein viss grad er tilpassa det naturlege vassføringsregimet i indre Sogn, med differensiert vassføring mellom sommar og vinter. Dei påpeker at det er friluftsinnteresser knytt til elvestrekninga, og at det er indikasjonar på at



vasstilknytt flora er påverka av eksisterande kraftverksdrift. Statsforvaltaren reknar med at fuglearter som fossekall, strandsnipe og vintererle kan hekke, eller i alle fall drive næringssøk, ved eller i elva. Ut frå dette ber dei NVE vurdere å heve minstevassføringa om sommaren til 5-persentilnivå.

Hans H. Urdahl og Liv Ellingseth har også i sitt fråsegn kommentert at ei minstevassføring på 150 l/s er noko lågt, av omsyn til vassforsyning. NVE viser til at Luster Småkraft AS er positive til å finne ei løysning for å sikre vassforsyninga. Vi forutsett at dei finner ei løysning. Etter NVE sitt syn er det difor ikkje behov for å auke minstevassføringa av omsyn til vassforsyning.

Etter NVE sitt syn er det ikkje forhold av vesentleg betydning som talar for å auke minstevassføringa frå søkjaren sitt forslag. Med forslaget vil det vere om lag 65 dagar med overløp i eit normalår, som hovudsakeleg kjem midt på sommaren. Etter NVE sitt syn vil differensieringa mellom sommar og vinter og overløpet bidra til å ivareta noko av elva si verdi for landskapsoppleving. Det er ikkje registrert viktige naturverdiar som tilseier at minstevassføringa bør hevast. Ut frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 150 l/s i perioden 01.05 til 30.09 og 40 l/s resten av året.

Dersom tilsiget ved inntaket er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal førekome. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små vasstandsvariasjonar knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til mangfaldet i naturen og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn mv.

Detaljerte planar skal leggast fram og godkjennast av NVE før arbeidet blir sett i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan setjast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak gjort. Konsekvensklassen er bestemmende for tryggingsskrava som blir stilte til planlegging, bygging og drift og må derfor vere avklart før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadene våre under avsnittet «Forholdet til energilova».

Vi viser også til merknadene i posten til vilkåra 6 nedanfor, om kulturminne.

Nedenstående tabell angir rammene som ligg til grunn for konsesjonen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnde i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Val av alternativ	Hovudalternativ med utløp i Døsjagrovi.
Inntak	Eksisterande inntaksdam ved kote 740 skal brukast og oppgraderast, som beskrive i søknaden.



	<p>Teknisk løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.</p>
Vassveg	<p>Nedgraven røyrgate. Dette kan ikkje endrast til røyrgate i dagen ved detaljplan.</p> <p>Røyrkata skal følgje trasé som oppgitt i søknaden (202115667-5, sjå også Figur 1), med endring for å bevare delar av den gamle røyrgetraseen, som oppgitt i søkjars kommentarar til høyringsfråsegna (202115667-21, sjå også Figur 3).</p> <p>Traseen skal gjerast så smal som mogleg.</p>
Kraftstasjon	<p>Kraftstasjonen skal plasserast i tråd med det som er oppgitt i søknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan.</p> <p>Vatnet skal førast tilbake til Døsjagrovi ved kote 8, som beskrive i søknaden. Dette kan ikkje endrast ved detaljplan.</p>
Største slukeevne	1,1 m ³ /s. Denne kan ikkje endrast i detaljplan.
Minste driftsvassføring	40 l/s. Denne kan ikkje endrast i detaljplan.
Installert effekt	5,7 MW. Nøyaktig installert effekt kan justerast ved detaljplan.
Talet på turbinar/turbintype	Søknaden oppgir ein peltonturbin. Talet på turbinar og turbintype kan justerast ved detaljplan.
Veg	<p>Søknaden oppgir at eksisterande vegar skal nyttast. Det er behov for å rydde noko kantvegetasjon og ruste opp ein traktorveg.</p> <p>Luster Småkraft AS kan lage mellombelse anleggsvegar inn frå eksisterande veg der det er naudsynt, som beskrive i søknaden.</p> <p>Luster Småkraft AS må kartfeste dei mellombelse vegane i detaljplan.</p>
Naturfare	<p>Alle former for skred skal vurderast og eventuelt undersøkast i samsvar med NVE sitt veiledningsmaterieel¹. Dette gjeld også om det er kvikkleire i nedre del av tiltaksområdet. I detaljplanen skal det dokumenterast at tiltaket kan byggjast med tilstrekkeleg tryggleik mot skred for både anleggs- og driftsfasen.</p> <p>Eventuelle sikringstiltak skal beskrivast i detaljplan, og dei skal ikkje forverre flaum- og skredfare for omkringliggende areal.</p>
Avbøtande tiltak	<p>Luster Småkraft AS skal kontakte Vestland fylkeskommune for å vurdere avbøtande tiltak knytta til kulturminne . Om fylkeskommunen ønsker at den oppmura røyrgetraseen skal dokumenterast og at det skal setjast opp eit informasjonsskilt, skal dette beskrivast i detaljplanen.</p> <p>Det skal gjennomførast støyreducerande tiltak, som beskrive i søknaden. Tiltak kan justerast i detaljplan.</p>

¹ NVE. (2020). *Utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng / - utredning av skredfare i reguleringsplan og byggesak.* (<https://veiledere.nve.no/utredning-av-sikkerhet-mot-skred-i-bratt-terreng/>) og NVE veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred.



	Naturleg revegetering skal gjennomførast så langt som råd.
--	--

Dersom det ikkje er oppgitt spesielle føringar i tabellen ovanfor kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar, skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relaterte til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknadene av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som Døsjagrovi kraftverk kjem i konflikt med. Dei vurderer potensialet for førhistoriske funn til å vere lågt langs røyrгатetraseen, sidan det er særst bratt terreng. Fylkeskommunen vil vurdere om det er naudsynt med arkeologiske registreringar i samband med at anlegget vert nærare detaljplanlagt. Dei skriv at detaljplanen må sendast på høyring til fylkeskommunen.

NVE føreset at utbyggjar tek den nødvendige kontakten med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle aktsemdsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det blir støytt på kulturminne i byggjefasen, jamfør kulturminnelova § 8 (jamfør vilkåras pkt. 3).

Post 8: Tersklar mv.

Dette vilkåret gir heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

Håkon Fuhr har påpeikt at restriksjonar langs røyrгатetraseen vil hindre han i å reetablere gran- og furuskog der røyrгата vil krysse hans eigedom. Han meiner dette bør utløyse ein årleg erstatning. NVE viser til at dette er eit privatrettsleg forhold som må avklarast mellom grunneigar og tiltakshavar. Fuhr påpeikte også at han må kunne køyre skogsutstyr over den nedgravde røyrгата. Luster Småkraft AS har kommentert at røyrгата ikkje vil avgrense bruken av traktor, hogstmaskin og anna skogsutstyr i området.